



Medlemmar i elevrådet  
Internt Manger skule

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/383 - 14/1541

Saksbehandlar:  
Silje Vikøren Palmesen  
silje.vikoren.palmesen@radoy.kommune.no

Dato:  
13.02.2014

## Referat 3

### ELEVRÅDSMØTE 17.OKTOBER 2013

#### MANGER SKULE

Desse møtte:

5.trinn: Marcus og Julie  
6.trinn: Espen og Anahita  
7.trinn: Marte og Marius

#### **Sak 1: JULEBALL 5.-7.tr desember 2013**

Alle tre klassane ynskjer at det vert arrangert juleball i desember. Rut snakkar med Inger og lærarane i 5.-7.tr og finn ut om dette er mogleg å få til.

#### **Sak 2: FRIMINUTTA PÅ MANGER SKULE**

Det er blitt kjekkare å vere på fotballbana, elevane har skjerpa seg, men det er fortsatt nødvendig at det er vaksne i nærleiken.  
Klassane har gått i gjennom konsekvensane som vart presentert i førre referat, og elevrådet er samde om at desse reglane bør innførast:

#### **Konsekvensar for den/dei som ikkje følgjer reglar/skapar dårleg stemning og krangel på t.d. fotballbana.**

1. Dei får ikkje spela resten av dagen.
2. Dei får ikkje spela resten av veka( innførast om eleven/elevane bryt dei same reglane meir enn ein gong).
3. Om ein er negativ/sur lenge etter ein har fått straff, får dei melding heim.
4. Banning er forbode på bana og på skulen.

Når det gjeld Manger skule sin tiltaksplanen mot mobbing, skal elevrådet gjennomgå denne på neste elevrådsmøte.

**Sak 3 TILBAKEMELDINGAR FRÅ ADM/LÆRARANE** på tidlegare saker frå klassane:

- A) Ta vekk benkane som er festa på innsida av gjerdet til fotballbana. **Er under arbeid.**
- B) Alle klassane ynskjer same reglar i kanonball i gymsalen. **Det stemmer at lærarane har forskjellige reglar, og skal lage felles reglar. Er under arbeid**
- C) 7.klassingane må bli flinkare med pasningspel på fotballbana. **Ok**
- D) Det skal ikkje vera lag i stikkball, her **skal** det vere alle mot alle☺**Må bli betre.**
- E) Blanda gruppedag (5.-7.trinn) t.d gymdag/arbeid.
- F) Elevane vil ha ny tagging på veggen mot folkehøgskulen,  
og savnar eventyrskuret med figurane. **Dette må det arbeidast meir med seinare.**
- G) Kvifor står det ein trevegg på fotballbana, han er ikkje i bruk? **Inger undersøker dette.**
- H) Når snøen kjem, ynskjer elevane ein «dynke»-plass, kor dei kan leike i snøen, men at elevane går inn i leiken på «eige ansvar»- **dette må me kome tilbake til, seier Inger.**

Referat 3 s 2 Elevrådsmøte 17.okt 2013

#### **Sak 4 ELEVVAKTAR**

Det er kome spørsmål om kva elevvaktane eigentleg skal gjere, og då dette ikkje er avklart ennå, har ikkje ordninga kome i gang denne hausten.

Me prøver å få i gang ordninga så snart som råd er.

#### **Sak 5: NYE SAKER/ØNSKE FRÅ KLASSANE:**

- \*Snøball-blink
- \*fleire benker på skuleplassen
- \*syklar for storskulen
- \*ballbinge på myra
- \*nye basketballkorger.
- \*Utedag og i storskulen
- \* Inne og uteskule
- \*Fleire aktivitetar
- \*ny stikkball og betre fotballar
- \*5.-7.tr gå fleire turar i lag.
- \*Klatrestativ
- \*Nytt TL-skur
- \*Kosetime m 5.-7.tr
- \*Overtrekkdrakter for å sjå skildnad på laga på fotballbana.

#### **Sak 6 UTEPLASSEN PÅ MANGER SKULE**

Spørsmål frå elevrådet om kor tid skuleplassen vert rehabilitert/ pussa opp.

#### **Sak 7 SOLIDARITETSDAGEN 24.OKT**

Rut har laga eit forslag på aktivitetar som elevrådet skal ha ansvar for på solidaritetsdagen,

og med nokre små endringar var elevrådet einig i oppsettet. Rut skal laga ein eigen vaktplan for elevrådsmedlemmane og vara-medlemmane, som dei skal følgje denne dagen. Dagen før skal alt lagast klar.

**Neste møte:**  
**Nærare info kjem☺**

**Ref: Rut**

Med helsing

Silje Vikøren Palmesen  
sekretær Manger skule

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

# SOLIDARITETSDAG 24.okt 2013

# Elevrådet

Kl 9.00: Møta på musikkrommet for å fordele premier, setje gamle pultar på kvar stasjon og henge opp plakater.

Ca 10.30: Hente det som trengs til kvar post, og starte aktiviteten.

Ca 11.20: Samla saman tinga og setje dei på musikkrommet fram til samlinga i gymsalen er ferdig.

Ca 12.10: starta opp att aktiviteten fram til ca kl 12.35 eller så lenge det er premier☺

NB:Opprydding

<p><b>Kast på boks</b> (i skuret mot foajeen)</p> <p>Ansvar:</p> <ol style="list-style-type: none"><li>1.Ruben</li><li>2.Ida</li><li>3.Marius</li><li>4. (skulle vore 4stk på denne posten)</li></ol> <p>Det kostar 5 kr å delta.</p> <p>Riv ein ned alle boksane, får ein stor premie.</p> <p>Står det nokon att, vert det liten premie.</p>	<p><b>Sykkelløp</b> (bane rundt halve stikkballe-bana)</p> <p>Ansvar:</p> <ol style="list-style-type: none"><li>1.Espen</li><li>2.Robin</li><li>3.Daniel</li><li>(4.Marte)</li></ol> <p>Det kostar 5 kr å delta.</p> <p>Liten premie til alle.</p>
<p><b>Potetlaup</b> (v TL skuret mot fotballbana)</p> <p>Dett poteten ut av skeie må ein starta opp-att.</p> <p>Ansvar:</p> <ol style="list-style-type: none"><li>1.Lena</li><li>2.Julie</li><li>3.Malene</li></ol> <p>Det kostar 5 kr å delta.</p> <p>Vinnaren får ein stor premie.</p> <p>Dei andre får liten premie.</p>	<p><b>Erteposar i bøtter</b> (i skuret mot heisen)</p> <p>3 bøtter i ulik avstand.</p> <p>Ansvar:</p> <ol style="list-style-type: none"><li>1.Anahita</li><li>2.Isabella T</li><li>3.Marcus</li></ol> <p>Det kostar 5 kr å delta.</p> <p>Treff ein bøtta lengst vekke, får ein stor premie.</p> <p>Alle andre forsøk gjev liten premie.</p>

Den som står sist på kvar gruppe, startar med 15 min. pause, og får tid til å kjøpa mat og drikke (eller eta maten sin). Så byter han/ho med den som står først, slik at den får pause. Førstemann må så koma att etter 15 minutt og byta med den som ikkje har hatt pause endå.

Etterpå vert det samde om kven som arbeider, de kan ta 10 minutt omganger. De må arbeida så lenge borna vil delta.

Jobben går ut på å vera venleg og imøtekomande med dei små, ta imot pengar og passa på dei, dela ut premier dei fortener, organisere køen viss det vert uorden i den -rett og slett ta ansvar som ein vaksen☺

Eg kjem rundt og tar inn pengar undervegs.

Med helsing Rut

**Mottakere:**

Medlemmar i elevrådet

Internt Manger  
skule